



Knut Jogeir Landa
Plutoveien 5

4021 Stavanger

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
Anne Rita Eriksen	926 46 329	2023/3788		25.01.2024

IGANGSETJINGSLØYVE - TILTAK UTAN ANSVARSRETT – delegert vedtak

Tiltak:	Endring av matrikkeleining – arealoverføring. Byte av areal.
Gnr/bnr:	199/10 og 199/21
Byggestad/adresse:	-
Tiltakshavar:	Ragnhild og Knut Jogeir Landa, Plutoveien 5, 4021 Stavanger/ Lars Edvard Eide Landa, Høylandsbygdvegen 18, 5454 Sæbøvik
Matrikkel:	-

Delegert vedtaksnr.: 2024/27

Igangsetjingløyve; løyve til frådelling etter PBL:

Med heimel i PBL § 20-4 og § 26-1

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-4 vert søknad journalført 28.11.2023 med tilhøyrande situasjonsplan og teikningar godkjent. Det er tiltakshavar sitt ansvar at tiltaket vert utført i samsvar med vilkåra gitt i og i medhald av plan- og bygningslova. Tiltakshavar er òg ansvarleg for plassering i høgde og plan.

Løyve etter jordlova:

Landbrukskontoret legg til grunn at arealoverføringa er positivt for ein aktiv landbruksprodusent, og at arealbruken vert uendra, jamfør § 9 i jordlova. Med heimel i § 12 i jordlova gjev Kvinnherad kommune løyve til å gjennomføra arealoverføring i samsvar med søknad.

Vilkår:

1. Dei frådeltte areala skal samanføyast med sine respektive eigedommar.

Tiltaket kan igangsetjast straks. Det kan haldast kartforretning.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

- Plassering: Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova.
- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg føre merknad frå 199/28 som vil informere om at kvar han meiner grensene går. Samtykke til tiltaket er gitt med dette som føresetnad.
Administrasjonen sin merknad: oppmålingsavdelinga vil kalla inn til kartforretning. Alle partar som har felles grenser vil då verta innkalla.
- Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.
- Kulturminne: Ingen registreringar i området.
- Landbrukskontoret har gitt landbruksfagleg uttale; *Arealet som skal overførast frå 199/21 er på 10-11 dekar og inneheld kring 5,3 dekar fulldyrka areal, kring 5,5 dekar innmarksbeite og noko produktiv skog. Arealet som skal overførast frå 199/10 inneheld kring 3,5 dekar innmarksbeite og kring 3,5 dekar produktiv skog. Sidan arealoverføringa ikkje får praktiske følgjer for landbruksdrifta på dei to eigedomane, er saka etter landbrukskontoret si oppfatning av kurant karakter. Landbrukskontoret har difor på vegne av administrasjonen mynde til å fatta vedtak i saka.*

Merknader

- Rekning for behandlingsgebyr iflg. vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til søkjar.
- Kommunen har plikt til å føre tilsyn i byggesaker. Ref. PBL § 25-1. Kvinnherad kommune har utarbeidd og godkjent eigen tilsynsstrategi. Kommunen kan føre tilsyn kva tid som helst i løpet av byggesaka og inntil 5 år etter at ferdigattest er gitt.
- Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For kommunedirektøren i Kvinnherad

Anne Rita Eriksen
Fagkoordinator byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:

Lars Edvard Eide Landa
Referatsak forvaltningsutvalet
Oppmåling